



Seim Eiendomsutvikling As
Bente Skare Seim
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6333 - 22/68730

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
12.09.2022

Løyve til seksjonering - gbnr 172/214 Hopland

Administrativt vedtak: Saknr: 975/22

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr 172. bnr 214, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der begge seksjonar har sameigebrøken- 1/2.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delelinje midt i vertikaldelt 2-mannsbustad.

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for begge seksjonseigarane.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 172/214 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 22.08.22, om seksjonering av eigedommen gbnr 172/214 med adressene Fuglevikvegen 16A,B.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av vertikaldelt 2-mannsbustad.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser og plassering av seksjonane, datert 13.01.22
- Plan-/ fasadeteikningar (6 vedlegg) av bustadbygget over 1. plan og 2. plan. Fasadeteikningane vert også sendt til tinglysing då det er nytting i denne saka.
- Vedtekter (forslag til) for sameiet gnr. 172. bnr 214, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter. (vert ikkje sendt til tinglysing)
- Søknaden er sendt inn og signert av nestleder i styret for eigar Seim eiendomsutvikling AS, Bente Skare Seim, som har signaturrett.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering gbnr 172-214 - godkjent
Vedlegg seksjonering 172-214

Mottakarar:

Mottakarar:

Seim Eiendomsutvikling As

Nesbrekka 28

5912 SEIM